

Kjempar for dei yrkesskaddes sak



Dagfinn Wiik er leiar i Arbeidsmiljøskaddes Landsforening (ALF), og organisasjonen arbeider med planer om å etablere eit nasjonalt kompetansesenter i Kristiansund.

Dagfinn Wiik frå Vestnes i spissen for å få eit nasjonalt senter i fylket

Dagfinn Wiik og Arbeidsmiljøskaddes Landsforening ønsker å etablere eit nasjonalt kompetansesenter for yrkesskaddes. Senteret er tenkt plassert i lokala til dagens sjukehus i Kristiansund.

BB - EDMUND MELKILD

Som leiar i Arbeidsmiljøskaddes Landsforening (ALF) har Wiik engasjert seg sterkt i saka. Det som vidare skal skje er at ALF vil jobbe politisk for å få planane om eit kompetansesenter realiserte. - Det er ikkje ALF som skal starte og drifte eit slikt senter. Det er helsemyndigheitene si oppgave, og som vi no er i gang

å arbeide med politisk slik at dette blir ein realitet. I begynnelsen av desember undertekna vi ein intensjonsavtale med Nordmøre regionråd (Orkidè). Men vi er berre i starten av arbeidet. Det er enno ein lang veg å går før vi er i mål, seier Wiik.

Idè godt motteken

Wiik seier det i mange år vore ein draum for ALF å få etablert eit slikt nasjonalt senter.

- Hausten 2015 såg eg at Nordmøre reigionråd (Orkidè) hadde planar for å få til eit regionalt senter for helseinnovasjon (RSHS) der sjukehuset i Kristiansund er lokalisert i dag. Eg kontakta prosjektleiar Heidi Jørgensen Gjersvold i Orkidè og presenterte idèen om samtidig å etablere eit

nasjonalt kompetansesenter for yrkesskaddes. Idèen vart svært godt motteken, seier Wiik.

Inviterte prosjektleiar

Regionleiarane i ALF hadde ei samling i Angvik februar 2016.

- Der inviterte vi prosjektleiar Gjersvold og Gjemnes-rådmann Birgit Eliassen frå Orkidè, og vi kom fram til at dette var interessant for begge partar å arbeide vidare med, seier Wiik.

Det nasjonale senteret er meint å ha ei koordinerande rolle.

- Det skal ikkje erstatte dagens yrkesmedisinske senter som foretar sjølve spesialutgreiinga, understrekar Wiik.

Samfunnsøkonomisk gevinst

Eit nasjonalt senter er meint å

ha personell med tverrfagleg kompetanse, som for eksempel juristar, sosionomar og yrkeshygienikarar.

- Her vil det vere ein stor samfunnsøkonomisk gevinst å hente for alle, både helsevesen, forsikringsselskap, arbeidsgivarar og arbeidstakarorganisasjonar. I starten vil ein kanskje sjå at vi får fleire yrkesskaddes, men med større merksemd mot problemet vil ein etter kvart få betre statistikkar. Deretter kan ein arbeide meir målretta for å redusere talet på yrkesskaddes, seier Wiik.

Tidkrevjande saker

Wiik seier at ei yrkesskadesak i mange tilfelle tek mellom fem og ti år i systemet. Mange skadar blir heller ikkje karakterisert som ein

yrkesskade.

- Det er også mange som ikkje er klar over at dei har ein yrkesskade, som for eksempel etter påverknad av kjemikalier eller ulike arbeidsmiljø, seier Wiik.

Mange gir opp

Wiik seier også at det er mange som gir opp undervegs.

- Det er fleire etatar å forholde seg til, som forsikringsselskap, NAV, rettsinstansar og helsevesen. Også her er det for lite kunnskap, slik at ein ikkje får tilstrekkeleg hjelp. Dessverre er det også slik at dei som er mest skaddes, også er dei som har minst sjanse til å vinne fram. Det er dette eg vil jobbe for å gjere noko med, seier Wiik.

Psykiske utfordringer eller rusavhengige:

Nytt tilbud for pårørende etablert i Ålesund

Regionen får et helt nytt lavterskeltilbud for pårørende med familiemedlemmer som sliter med psykiske helseutfordringer eller rusavhengighet. Pårørendeprosjektet åpner dørene til sine lokaler 1. januar.

- Prosjektet skal holde til i Parkgata 10 i Ålesund: - Det er viktig å være klar over at pårørende i hele 10 kommuner i regionen kan kontakt oss for hjelp, sier Eva-Brit Langva. Hun er lokal-lagsleder for Pårørende innen Psykisk helse LPP Ålesund, som står bak tiltaket.

- Pårørende er en gruppe, som lenge har vært oversett. Derfor

sto jubelen høyt i taket da vi i mai fikk støtte fra Helsedirektoratet, til prosjektet. Med prosjektmidler fra dem har vi nå ansatt en erfaringskonsulent i 50 prosent stilling, sier Langva.

- De problemene pårørende har, er ofte fullstendig utmattende. Enkelte sliter seg helt ned. Men nå er vi her, og kan hjelpe, sier Emthe Vollstad O'Neill, som nylig er tiltrådd i stillingen.

- Som erfaringskonsulent kan jeg tilby både råd og veiledning, og hjelp til selvhjelp, som er utrolig viktig når man står i

tunge omsorgsoppgaver som pårørende," sier O'Neill.

..... er blant de 10 kommunene som kan benytte seg av vårt tilbud. Vi holder til på "Hjelpen" i Parkgata 10, og har åpent både på dag og kveldstid.

- Vi sambruker lokalene med en rekke brukerorganisasjoner som ligger under paraplyen til Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, FFO. Dette er også en fin mulighet til å knytte ressursene tettere sammen for alle organisasjonene, sier Eva-Brit Langva.

- Og husk; vi er bare en telefon unna, på telefon 482 31 644, påpeker hun.



Eva-Brit Langva og Emthe Vollstad O'Neill.